



Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 20.09.2018
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 16:00 - 19:30

Informasjon om utviklingsplan og nye Haraldsplass i starten av møtet

Orienteringar:

- Kraftmelding
- Einekavane - oppdatert status etter generalforsamling og tiltak framover

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordfører
Frode Langhelle	H	Medlem
John Torsvik	H	Medlem
Wenke Fredheim Ekren	H	Medlem
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordfører
Ragnvald Tangedal	AP	Medlem
Arthur Reidar Sjursen	AP	Medlem
Bjørn Egil Nordland	AP	Medlem
Jon Hope	Krf	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Wenche Daae	Sp	Medlem
Egil Kvingedal	V	Medlem
Janne Judith K. Sandnes	Frp	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Bjarte Andvik	H	Medlem
Atle Nordland	H	Medlem
Lene Hansen Kvamsdal	H	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Kurt Henning Oppedal	H	Lene Hansen Kvamsdal
Bjarte Dyrkolbotn	H	Atle Nordland
Astrid Daae Kristiansen	H	Bjarte Andvik

Følgjande frå administrasjonen møte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen og rådgjevar Anne Kristin Rafoss som førte møteboka.

To elevar frå 10.klasse på Nordbygda skule, Andrea Birkeland-Sleie og Hanna Sleire Tenjum, møtte i starten av kommunestyremøtet. Dei viste til dei dårlege resultatane på anonyme mobbeundersøkingar som var utført på skulane i Masfjorden. Dei ønskjer å invitere helsesystra Thale til eit møte / foredrag med ungdomsskuleelevane i Masfjorden + Brekke der tiltak mot mobbing og korleis handtere mobbing er viktige tema.

Ungdommane ønskjer å søke om midlar til å invitere helsesystra Thale til Masfjorden. Beløpet dei søker er kr 35 000.

Ordførar ba dei om å levere søknaden til oppvekstleiar Alf Strand og at søknaden deira vart handsama på vanleg måte.

Oppvekstleiar Alf Strand ga kommunestyret ei løypemelding om framdrifta for ungdomsrådet før han takka kommunestyret for samarbeidet dei siste 13 åra.

Sakliste

Saknr	Tittel
046/2018	Godkjenning av innkalling og sakliste
047/2018	Godkjenning av møtebok
048/2018	Søknad om serveringsløyve for Moldekleivmarka as
049/2018	Søknad om serverings- og skjenkeløyve for Stordalen fjellstove i samband med verksemdsoverdraging
050/2018	2 gangs handsaming av reguleringsendring for Stordalshammaren
051/2018	Finansrapportering pr. 2.tertial 2018
052/2018	Utbyggingsavtale og kommunal medfinansiering bustadfelt liarinden
053/2018	Referatsak
054/2018	Fensfjordbygg - revidert avtale

046/2018: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

20.09.2018 KOMMUNESTYRET

Følgjande sak vart lagt til sakslista:

- Fensfjordbygg - revidert avtale

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 046/2018 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend

047/2018: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

20.09.2018 KOMMUNESTYRET

Det vart delt ut skriv frå kulturskulerektor Frank Kvinge om behov for presisering av vedtektene til kulturskulen som vart vedteke i sak 043/2018. Rådmannen får fullmakt til å justere vedtektene basert på skriv frå kulturskulerektor.

Det vart gjort framlegg om Bjarte Dyrkolbotn og Torill Torsvik Størkensen til å skrive under protokollen.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 047/2018 VEDTAK:

Møtebok vert godkjend.

048/2018: Søknad om serveringsløyve for Moldekleivmarka as

Rådmannen sitt framlegg:

1. Modekleivmarka 21 as får serveringsløyve i Masfjorden kommune.

Dagleg leiar og styrar er Bente Steine 5264 Garnes

2. Løyvet gjeld for salsvogn med gatekjøkkenkonsept.
3. Opningstida skal vere mellom kl. 08.00 og kl. 24.00 alle dagar.
4. Løyvet gjeld utan tidsavgrensing.

29.08.2018 FORMANNSKAPET

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 063/2018 VEDTAK:

1. Modekleivmarka 21 as får serveringsløyve i Masfjorden kommune.

Dagleg leiar og styrar er Bente Steine 5264 Garnes

2. Løyvet gjeld for salsvogn med gatekjøkkenkonsept.
3. Opningstida skal vere mellom kl. 08.00 og kl. 24.00 alle dagar.
4. Løyvet gjeld utan tidsavgrensing.

20.09.2018 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 048/2018 VEDTAK:

1. **Modekleivmarka 21 as får serveringsløyve i Masfjorden kommune.**

Dagleg leiar og styrar er Bente Steine 5264 Garnes

2. **Løyvet gjeld for salsvogn med gatekjøkkenkonsept.**
 3. **Opningstida skal vere mellom kl. 08.00 og kl. 24.00 alle dagar.**
 4. **Løyvet gjeld utan tidsavgrensing.**
-

049/2018: Søknad om serverings- og skjenkeløyve for Stordalen fjellstove i samband med verksemdsoverdraging

Rådmannen sitt framlegg:

1. Nytt serverings- og skjenkeløyve for Stordalen fjellstove vert tildelt desse løyvehavarane v/dagleg leiar:
Stordalen Oppleving AS ved Laila Mette Bolstad, 5728 Eidslandet.
2. Desse vert godkjend som styrar og avløyssarar for serveringsløyvet og skjenkeløyvet:
Styrar: Laila Mette Bolstad, 5728 Eidslandet.
Avløyssar: Bjørn Eikefet, Eidslandet.
3. Løyvet omfattar desse lokala/uteareal i Stordalen fjellstove:
Etesal i 1. etasje og fellesareal inkludert altan ute med tilgang frå 2 dører. Kjellar med bar/pub, dansesalong og møte/selskapslokale, samt uteområde under altan utanfor salong med dør ut fra salong. Minibar på overnattingsrom. Skjenkeareal innandørs 525 kvm. Skjenkeareal utandørs 120 kvm. Tal sitteplassar innandørs er 250, medan tal sitteplassar utandørs er 60.
4. Skjenkeløyvet gjeld for øl, vin (alkoholgruppe 1 og 2) frå kl. 13.00 til kl. 01.00 og for brennevin (alkoholgruppe 3) frå kl. 13.00 til kl. 24.00.
5. For slutta selskap gjeld utvida løyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 frå kl. 13.00 til kl. 02.00.
6. Det er eit vilkår at det vert matsservering i både pubdel og kafeteriadel av lokala.
7. Skjenkeløyvet gjeld frå dags dato til og med 31.03.2020, jfr. alkohollova § 1-7.
Serveringsløyvet uavgrensa av dato da for denne eigaren og denne lokaliteten.
8. Det er ein føresetnad for godkjend løyve at styraren – i dette tilfellet løyvehavaren - har greidd og gjennomført etablererprøven og kunnskapsprøven innan handsaming i kommunestyret. Avløyssar må ha gjennomført etablererprøven.

29.08.2018 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Siri Tangedal Kratzmeier (KrF) ba om at ein reviderte alkoholpolitisk handlingsplan slik at ein får samsvar mellom vilkår i framlegg til vedtak og handlingsplanen.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 064/2018 VEDTAK:

1. Nytt serverings- og skjenkeløyve for Stordalen fjellstove vert tildelt desse løyvehavarane v/dagleg leiar:
Stordalen Oppleving AS ved Laila Mette Bolstad, 5728 Eidslandet.
2. Desse vert godkjend som styrar og avløyssarar for serveringsløyvet og skjenkeløyvet:
Styrar: Laila Mette Bolstad, 5728 Eidslandet.
Avløyssar: Bjørn Eikefet, Eidslandet.
3. Løyvet omfattar desse lokala/uteareal i Stordalen fjellstove:
Etesal i 1. etasje og fellesareal inkludert altan ute med tilgang frå 2 dører. Kjellar med bar/pub, dansesalong og møte/selskapslokale, samt uteområde under altan utanfor salong med dør ut fra salong. Minibar på overnattingsrom. Skjenkeareal innandørs 525 kvm. Skjenkeareal utandørs 120 kvm. Tal sitteplassar innandørs er 250, medan tal sitteplassar utandørs er 60.
4. Skjenkeløyvet gjeld for øl, vin (alkoholgruppe 1 og 2) frå kl. 13.00 til kl. 01.00 og for

- brennevin (alkoholgruppe 3) frå kl. 13.00 til kl. 24.00.
5. For slutta selskap gjeld utvida løyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 frå kl. 13.00 til kl. 02.00.
 6. Det er eit vilkår at det vert matsservering i både pubdel og kafeteriadel av lokala.
 7. Skjenkeløyvet gjeld frå dags dato til og med 31.03.2020, jfr. alkohollova § 1-7. Serveringsløyvet uavgrensa av dato da for denne eigaren og denne lokaliteten.
 8. Det er ein føresetnad for godkjend løyve at styraren – i dette tilfellet løyvehavaren - har greidd og gjennomført etablerarprøven og kunnskapsprøven innan handsaming i kommunestyret. Avlørsar må ha gjennomført etablererprøven.

20.09.2018 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Røysting:

Det vart først røysta over serveringsløyvet: Serveringsløyvet til Stordal fjellstove vart samrøystes vedteke.

Det vart så røysta over formannskapet sitt framlegg til vedtak.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart vedteke mot ei røyst (Jon Hope, KrF).

KS - 049/2018 VEDTAK:

1. **Nytt serverings- og skjenkeløyve for Stordalen fjellstove vert tildelt desse løyvehavarane v/dagleg leiar:
Stordalen Oppleving AS ved Laila Mette Bolstad, 5728 Eidslandet.**
 2. **Desse vert godkjend som styrar og avlørsarar for serveringsløyvet og skjenkeløyvet:
Styrar: Laila Mette Bolstad, 5728 Eidslandet.
Avlørsar: Bjørn Eikefet, Eidslandet.**
 3. **Løyvet omfattar desse lokala/uteareal i Stordalen fjellstove:.**
 4. **Etesal i 1. etasje og fellesareal inkludert altan ute med tilgang frå 2 dører. Kjellar med bar/pub, dansesalong og møte/selskapslokale, samt uteområde under altan utanfor salong med dør ut fra salong. Minibar på overnattingsrom. Skjenkeareal innandørs 525 kvm. Skjenkeareal utandørs 120 kvm. Tal sitteplassar innandørs er 250, medan tal sitteplassar utandørs er 60.**
 5. **Skjenkeløyvet gjeld for øl, vin (alkoholgruppe 1 og 2) frå kl. 13.00 til kl. 01.00 og for brennevin (alkoholgruppe 3) frå kl. 13.00 til kl. 24.00.**
 6. **For slutta selskap gjeld utvida løyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 frå kl. 13.00 til kl. 02.00.**
 7. **Det er eit vilkår at det vert matsservering i både pubdel og kafeteriadel av lokala.**
 8. **Skjenkeløyvet gjeld frå dags dato til og med 31.03.2020, jfr. alkohollova § 1-7. Serveringsløyvet uavgrensa av dato da for denne eigaren og denne lokaliteten.**
 9. **Det er ein føresetnad for godkjend løyve at styraren – i dette tilfellet løyvehavaren - har greidd og gjennomført etablerarprøven og kunnskapsprøven innan handsaming i kommunestyret. Avlørsar må ha gjennomført etablererprøven.**
-

050/2018: 2 gangs handsaming av reguleringsendring for Stordalshammaren

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune godkjenner framlegg til reguleringsendring for Stordalshammaren i samsvar med plan- og bygningslova sin § 12-14, jf. plan- og bygningslova sin § 12-12.

Det vert vist til justert plankart sendt inn i epost av 26.06.2018.

29.08.2018 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 068/2018 VEDTAK:

Masfjorden kommune godkjenner framlegg til reguleringsendring for Stordalshammaren i samsvar med plan- og bygningslova sin § 12-14, jf. plan- og bygningslova sin § 12-12.

Det vert vist til justert plankart sendt inn i epost av 26.06.2018.

20.09.2018 KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 050/2018 VEDTAK:

Masfjorden kommune godkjenner framlegg til reguleringsendring for Stordalshammaren i samsvar med plan- og bygningslova sin § 12-14, jf. plan- og bygningslova sin § 12-12.

Det vert vist til justert plankart sendt inn i epost av 26.06.2018.

051/2018: Finansrapportering pr. 2.tertial 2018

Rådmannen sitt framlegg:

Finansrapport pr. 31.8./2.tertial 2018 vert teken til vitring

20.09.2018 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 051/2018 VEDTAK:

Finansrapport pr. 31.8./2.tertial 2018 vert teken til vitring

052/2018: Utbyggingsavtale og kommunal medfinansiering bustadfelt liarinden

Rådmannen sitt framlegg:

1. Utbyggingsavtalen vert endra til prinsippet om justeringsrett mva, og utbyggjar står for utbygginga
2. Kommunal økonomisk medfinansiering vert sett til kr. x, og midlane vert overført ved overtaking av anlegg
3. Utbyggingsavtalen og kommunal økonomisk medverknad er tidsavgrensa til oppstart seinast innan 21.09.2019

20.09.2018 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til endring i framlegg til vedtak

2. Kommunal økonomisk medfinansiering vert sett til inntil kr 6 mill, og midlane vert overført ved overtaking av anlegg. Finansiering gjennom momskompensasjon, etablerertilskot gjennom kraftfondet og låneopptak

Rådmannen presiserte at viss utbygginga vart billigare enn antyda slik at momskompensasjonen vart mindre, vart og den kommunale medfinansieringa avkorta med same sum.

Framlegg til vedtak med endringa jobba fram i møtet vart samrøystes vedteke.

KS - 052/2018 VEDTAK:

1. **Utbyggingsavtalen vert endra til prinsippet om justeringsrett mva, og utbyggjar står for utbygginga**
 2. **Kommunal økonomisk medfinansiering vert sett til inntil kr. 6 mill, og midlane vert overført ved overtaking av anlegg. Finansiering gjennom momskompensasjon, etablerertilskot gjennom kraftfondet og låneopptak**
 3. **Utbyggingsavtalen og kommunal økonomisk medverknad er tidsavgrensa til oppstart seinast innan 21.09.2019**
-

053/2018: Referatsak

Rådmannen sitt framlegg:

Referatsaker vert tekne til orientering

20.09.2018 KOMMUNESTYRET

Spørsmål:

Egil Kvingedal (V) ba om at kommunen si tilbakemelding til NVE sine planar om utbygging av vindkraftparker vart lagt fram for kommunestyret. Ordførar lova at dette skulle gjerast.

Referatsaker:

Skriv 1: Midler fra havbruksfondet til kommunene

Skriv 2: Innspel til budsjettarbeidet

Skriv 3: Kontraktstildeleing i konkurransen om bygging av Region Nordhordland Helsehus

Skriv 4: Signert protokoll generalforsamling GMU 2017

Skriv 5: Høring Utviklingsplan 2018-2035 Haraldsplass Diakonale Sykehus

Kommunestyret slutta seg samla til framlegg til uttale delt ut i møtet.

Skriv 6: Klage på anbod og anbodsopning

Orientering frå Rådmannen:

- Rådmannen orienterte om situasjonen i Einekavane, og utviklinga sidan generalforsamlinga i juni 18. Selskapet har eit akk. underskot, og utan at kommunen tilfører selskapet midlar må styret den 25.09.18 vedta nedlegging av selskapet. Selskapet må endre drifta, og legge ned områder som går med tap – først kjøkken, og elles gjere nødvendige tiltak. Tilrå at Kommunestyret løyver tilstrekkeleg midlar til å vidareføre det meste av drifta i Einekavane. Tilstrekkelege midlar vert sett til inntil 1,5 mill kr slik at Einekavane får handlingsrom. Kommunestyret slutta seg samla til å løyve tilstrekkelege midlar til å vidareføre det meste av drifta i Einekavane og gjev Rådmannen fullmakt til å gjere dette.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 053/2018 VEDTAK:

Referatsaker vert tekne til orientering

054/2018: Fensfjordbygg - revidert avtale

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune inngår avtale om kjøp av areal i Fensfjordbygg jf. framlagt kjøpsavtale, og kor carportdelen vert sett som opsjon.

Økonomiplan må reviderast og oppdaterast, og sikre reell balanse mellom investering – og driftsnivå framover.

20.09.2018 KOMMUNESTYRET

Sakspapira vart delt ut i møtet.

Saka vart drøfta.

Geir Egil Haugsvær (Sp) sette fram eit forslag om at saka vart utsett til neste møte.

Det vart røysta over utsettingsforslaget. Utsettingsforslaget frå Sp fekk 2 røyster og fall.

Saka vart drøfta vidare.

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

KS - 054/2018 VEDTAK:

Masfjorden kommune inngår avtale om kjøp av areal i Fensfjordbygg jf. framlagt kjøpsavtale, og kor carportdelen vert sett som opsjon.

Økonomiplan må reviderast og oppdaterast, og sikre reell balanse mellom investering – og driftsnivå framover.

Rett utskrift frå møteboka frå kommunestyret 20.09.18 vert vitna:

Karstein Totland
ordfører

Bjarte Dyrkolbotn
kommunestyremedlem

Torill Torsvik Størkersen
kommunestyremedlem